

## Granvin herad Sakspapir

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	13.06.2012	045/12	EDM
Heradsstyre	13.06.2012	026/12	EDM

<b>Sakshandsamar:</b> Ebbe Dam Meinild	<b>Arkivkode:</b> K2-L 12	<b>Arkivsaknr:</b> 10/40-32
---	------------------------------	--------------------------------

### Reguleringsplan massedeponi - Nedre Spildo - endeleg vedtak

Vedtaksmynde: FS og HS

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	20.01.2010	Geo Plan AS	Informasjon til høyringsinstansar - oppstart reguleringsarbeid g.nr 90 b.nr 4
2	I	02.02.2010	Statens vegvesen Region vest	Vedr.oppstart av reguleringsarbeid for del av g.nr 90. 4 m.fl . Granvin herad
4	I	02.03.2010	Hordaland Fylkeskommune	Granvin g.nr- 90 -4 m.fl - Oppstart av reguleringsarbeid - Informasjon til høyringsinstansar-
5	I	03.03.2010	Direktoratet for mineralforvaltning	Regulering av massetak på G.nr 90 B.nr 4 m/fl. i Granvin herad .Varsel om oppstart
3	U	04.03.2010	Geo Plan AS	Referat frå oppstartsmøte, massedeponi Nedre Spildo - 18.12.09
6	I	17.03.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Granvin- Utale til framlegg til detaljreguleringsplan for del av g.nr 90 b.nr 4 m.fl -Skorvo
9	I	16.02.2011	Geoplan AS	Risiko og sårbarhetsvurdering, Støyvurdering, Plankart, Illustrasjonar
10	I	20.03.2011	Erling og Wenche Lekven	Ang. reguleringa på del av gnr 90 bnr 4 Nedre Spildo til deponi av massar og handsaming av gjenbruksmassar
8	I	23.03.2011	Geoplan AS	Reguleringsplan massedeponi - Nedre Spildo - Planomtale, Reguleringsføresegner
12	U	11.04.2011	Avisa Hordaland	Annonse i Hordaland
13	I	26.04.2011	Einar Spildo	Detaljreguleringsplan massedeponi Nedre Spildo- offentlig ettersyn
14	I	29.04.2011	Hordaland Fylkeskommune	Granvin gnr.90-4 m.fl. -- Reguleringssplan -Granvin Herad- Varsel om arkeologisk registrering
16	I	19.05.2011	Direktoratet for	Detaljreguleringsplan for massedeponi

			mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	- Nedre Spildo - Offentleg ettersyn
17	I	23.05.2011	Granvin fiskarlag	Reguleringsplan massedeponi Nedre Spildo
15	I	25.05.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Ber om utsatt uttalefrist til 16.juni - massedeponi på Nedre Spildo
18	I	26.05.2011	Norges Vassdrags- og energidirektorat	Fråsegn til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan GBnr 90/4 Nedre Spildo
20	I	30.05.2011	Kjersti Finne	E-post frå Kjerti Finne til Statens vegvesen v/ Hilde Gunn Stenseth
21	I	30.05.2011	Kjersti Finne	E-post frå Kjersti Finne til Fylkesmannen i Hordaland v/Jorunn Nesheim
19	U	31.05.2011	Fylkesmannen i Hordaland v/ Jorunn Nesheim	SV: Spm om utsetjing om uttalefrist i sak vedk detaljreguleringsplan for massedeponi Nedre Spildo
22	I	14.06.2011	Fylkesmannen i Hordaland	Granvin herad - MOTSEGN til detaljreguleringsplan på massedeponi på Nedre Spildo, del av gnr 90, bnr 4
23	I	21.06.2011	Statens vegvesen	Statens vegvesen sin uttale til Detaljreguleringsplan massedeponi - Nedre Spildo - del av gnr. 90 bnr. 4 m.fl - Granvin herad - Høyryring og offentlig ettersyn
24	U	31.08.2011	Kultur og idrettsavdelinga Hordaland Fylkeskommune	Reguleringsplan massedeponi - Nedre Spildo, arkeologisk registrering
25	I	13.09.2011	Hordaland Fylkeskommune	Varsling om arkeologisk registrering i samband med reguleringsplan massedeponi Nedre Spildo-gnr.90 bnr4-Granvin herad
26	U	09.11.2011	Sakshandsamer i FMHO og planleggjar	Møte ang. motsegn til reg.plan for massedep. Nedre Spildo i Granvin Herad
27	I	22.11.2011	Hordaland Fylkeskommune	Detaljreguleringsplan massedeponi - Nedre Spildo - Høyryring og offentlig ettersyn - fråsegn
28	U	14.03.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Vurdering av motsegn for reguleringsplan for massedeponi Spildo
29	I	14.03.2012	Geoplan AS	Reviderte dokument reguleringsplan massedeponi Spildo, Granvin
30	I	15.03.2012	Geoplan AS	Oppdatert planomtale for Spildo
31	I	23.05.2012	Fylkesmannen i Hordaland	Granvin herad - Trekking av motsegn til reguleringsplan for gnr/bnr 90/4 - Spildo

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.: Plan og bygningslova, naturmangfoldlova ,  
forurensninglova

OBS! Relevante plandokument ligg tilgjengeleg på heradet si heimesida under: planar –  
planar under arbeid – Massedeponi Spildo

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL TILRÅDING/VEDTAK:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Granvin heradsstyre sak nr. 10/40  
Detaljreguleringsplan for massedeponi Spildo - planomtale, føresegner og ROS-analyse  
dagsett 12.03.12, kart dagsett 14.02.11 og Støyvurdering 22.12.10.

### **13.06.2012 Formannskapet**

#### **FS-045/12 VEDTAK:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

### **13.06.2012 Heradsstyre**

Ebbe Dam Meinild er sakshandsamar, og vart funnen ugild. Han deltok ikkje i handsaminga,  
men svarte på spørsmål. Det møtte ikkje vara for han.

#### **HS-026/12 VEDTAK:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 godkjenner Granvin heradsstyre sak nr. 10/40  
Detaljreguleringsplan for massedeponi Spildo - planomtale, føresegner og ROS-analyse  
dagsett 12.03.12, kart dagsett 14.02.11 og Støyvurdering 22.12.10.

### **FAKTA:**

#### **Bakgrunn**

Granvin Maskinstasjon fremma i 2009 forslag om bruk av området til masseuttak og deponi.  
Område vart inkludert i Kommuneplanen si arealdel 2009-2019. Granvin herad har sett krav  
om reguleringsplan for tiltaket, men har etter søknad gitt mellombels løyve til deponering av  
inntil 60.000 m<sup>3</sup> sprengstein/tunnelstein i det eksisterande sandtaket inntil det ligg føre  
reguleringsplan.

## Føremål


Formålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for bruk av eksisterande masseuttak til mellombels deponiområde for tunnelstein og seinare utnytting av steinressursen til produksjon av pukk og grus. Planen seier og noko om korleis uttaket skal setjast i stand etter avslutta drift. Planen skal sikra høveleg areal for ei effektiv, trygg og miljømessig forsvarleg drift av massedeponi og produksjonsområde for pukk og grus.

## Prosessen til no

- 21.01.2010: Oppstart av detaljreguleringsplan for området. Det kom inn 4 merknader.
- 06.04.2011: Granvin FS vedtok å leggja planframlegg ut til offentleg ettersyn med frist til 26.05.11
- Det kom inn 8 merknader. Fylkesmannen la ned motsegn.
- 08.12.11: Meklingsmøte m. heradet, planleggjar og Fylkesmannen
- 13.03.12: Revidert planframlegg frå planleggjar – oversendt til Fylkesmannen.
- 23.05.12: Trekking av motsegn med bakgrunn i revidert framlegg dagsett 12.03.12.

## Planområdet

Grustaket er lokalisert på gnr 90, bnr 4 og grunneigar er Kjetil Seim. Tiltakshavar Granvin Maskinstasjon AS har inngått avtale med grunneigar om bruk av området. Geoplan AS er leigd inn som konsulent for planarbeidet. Framlegg til plankart er vist under:



I området har det i lengre tid vore tatt ut sand, som for det meste har vore nytta til betonginnslag og infiltrasjon. Området ligg langs rv 13 mellom Spildo og Seim, nær elva Skorvo som er eit sidevassdrag til Granvinsvassdraget. Planområdet er totalt ca 35 daa stort. Av dette utgjer om lag 20 daa det eksisterande grustaket, der sjølv deponiet på inntil 200.000 m<sup>3</sup> er planlagt plassert. Innafor planområdet er det også planlagt ein ca 5 daa stor skråning og buffersone mot elva Skorvo. Vidare er det lagt opp til ei ca 5-10 daa stor utviding av deponiområdet mot sør, som er tenkt som eit område for mellomlagring, areal for infiltrasjon og eventuell handsaming av avrenning/overvatn og buffersone mot omgjevnadene, på 10 m mot Skorvo. Dette arealet ligg på nedsida av gamlevegen mellom Spildo og Seim, og består i dag av dyrka mark. Det er også ein bustadtomt på 1-2 daa innfor planområdet, gnr 90, bnr 6.

Det vart satt frist til maksimalt 20 års drift. Etter avslutning av tiltaket skal området for massedeponi tilbakeførast til LNF-område.

### Overordna plan

I gjeldande kommuneplan vedtatt i 2009, ligg mesteparten av planområdet inne som eksisterande massedeponi/grustak. Utvida område med buffersone mot elva og område for mellomlager mot sør, er LNF-område i gjeldande kommuneplan.

### Detaljplanar i området

I samband med Vossapakko har Statens Vegvesen ferdigstilt Tunsberg tunnelen, godkjent i detaljreguleringsplan Øvre Granvin – Voss grense, juni 2011. I tillegg føreligg godkjent detaljreguleringsplan for tunell gjennom Joberget (Øvre Granvin – Holven), godkjent des. 2011. Det føreligg ein godkjent plan for mellombels massedeponi for inntil 100.000 m<sup>3</sup> på Såkvitne (plan vedtatt 09.06.10), lokalisert på vestsida av dalføret.

### Planforslag med føresegner og ROS-analyse

Det er gjennomført ei risiko- og sårbarheitsvurdering og det er laga ein støyrapport for planområdet som ligg ved planen. Det er skissert risikoreduserande tiltak knytt til trafikk, avrenning til vassdrag og støyskjerming. Støy er vidare vurdert grundig i støyrapport frå Kilde Akustikk, og ved bruk av støyvollar for skisserte fasar av drifta, vil ingen av bustadene rundt få eit støynivå over støygrensa på  $L_{den} = 55$  dB. Planomtalen inneheld omfattande informasjon om bakgrunn for planarbeidet, planstatus og overordna retningsliner, planprosessen, planområdet, planforslaget og konsekvensar av dette, fråsegner og merknader. Saman med rev.planføresegner og plankart utgjer rev.planomtale og rev.ROS-analyse (oppdatert i høve til TEK10) det samla plandokumentet.

Dei viktigaste problemstillingane planen skal løyse er:

- å sikre eit godt og tenleg opplegg for mellomlagring og handtering av tunnelmassar frå veganlegg i området
- å hindre at drift av massedeponiet forårsakar ureining til lakseførande vassdraget
- å etablere eit deponi som i størst mogleg grad tek omsyn til busetnad, nærmiljø og landskapsbilete

### Om naturmangfold, miljø og omgjevnader

*-Kunnskapgrunnlag for framlegget:* Det går fram av Nml §8 at vedtak så det er mogleg skal nytta vitenskapelig kunnskap om arter, naturtypar og økologi. Følgjande kjelder har vore nytta i planframlegget: Landskapsanalyse for Granvin herad, Aurland Naturverkstad, 2007; Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Granvin (Granvin herad og fylkesmannen i Hordaland) 2005; Verneverdier og brukerinteresser i Granvinvassdraget, NVE, 1999; Plan for fiskebiologisk undersøkelse av Storelva og Kattånebekken, LFI, 2009; Grunnundersøkingar for infiltrasjon - mindre avløpsanlegg, Bioforsk Rapport Nr. 155, 2009, [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no) – naturbasen og artsdatabanken. Det skal lagast fleire planer og program i tillegg til plandokumenta før aktiviteten på deponiet skal i gang:

- Plan for handsaming av avrenning (skal godkjennast av kommunen).
- Det skal etablerast eit program for overvaking av vasskvalitet og mogleg påverknad av nærliggjande vassdrag. Det skal takast vassprøvar i tilstøytande vassdrag før oppstart av anlegget.
- Beredskapsplan for å hindra utslepp til resipient og for å sikra god drift av anlegget.
- Driftsplan jf. *Veileder for og krav til driftsplaner ved uttak av mineralske råstoffer fra fast fjell og løsmasser i dagen*, Direktoratet for Mineralforvaltning, 2010.

- Utsleppsløyve.

-*Støy*: Det har vore gjennomført støysonekartlegging for anlegget med tanke på å vurdere konsekvensane ift. Forureiningsforskriftas kap. 30. Støysonekartet visar at ved dei tiltak som planen inneheld – her primært støyvoll og tidsbegrensing – vil inga av dei kringliggjande bustader få støyforhold over 55db (grenseverdi).

-*Støv*: I føresegna 3.1.2 under støv står det at ”Nedfallsstøv frå lagring eller produksjon målt ved grensa av reguleringsføremålet skal ikkje på noko tidspunkt overstiga 5 g/m<sup>2</sup> pr 30 døgn.” Elles er ikkje støv omtalt nærmare i planomtalen.

-*Landskap og vegetasjon*: Det skal vera eit vegetasjonsbelte mot Skorvo på 10 m. Konsekvensar for landskapsbilete er illustrert på 3d bilete. I planomtalen er det lagt vekt på at landskap på området bar preg av å ha vore eit masseuttak i mange år forut, illustrert med bilete frå 2009 og 2010. I *Landskapsanalyse for Granvin herad* (2007) nemnast Skorvofossen under ”5.4 Naturformer med særskild inntrykkstyrke: landemerke eller landskapsformer som har stor opplevingsverdi”. Det er utført ei registrering og vurdering av naturtypar i Granvin. Materialet er framstilt i rapporten *Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Granvin* (2005). Næraste registrerte lokalitetar for vårt planarbeid er nr 24 Storelvi og nr 25 Skorvefossen. Storelvi er registret mellom viktige bekkedrag og vurdert til verdi C – lokalt viktig. Elva går i meandrar på elvesletta ved Øvre Vassenden. Elvekanten vekslar mellom gråor-/heggeskog og opne parti. Skorvefossen er registrert som fossesprøytsone og vurdert til verdi B – viktig.

-*Tilbakeføring*: Iflg. Krav til driftsplan er ”Avslutningsplan med krav til utforming av terreng skal inngå i driftsplanen. Avslutningsarbeida er ein del av drifta av massetaket.” I føresegna (3.1.2) står det at ”ved avslutning av drifta skal området stellast til slik at det kan nyttast til landbruksdrift (slått beite eller skogproduksjon) eller naturområde. På dei delane av området som høver til slåttemark, skal det leggjast ut jord med tjukn minst 0,3 m før tilsåing.”

-*Naturmangfold*:

Ved oppslag i Naturbasen og artsdatabanken finn ein ikkje trua arter, naturtypar el .likn. lokalisert i planområdet. Arten Strandsnipe (nær truet) er observert ved Granvinselva i 2010. I Naturbasen går det fram at Skorvo er eit viktig område og likeeins lia ovanfor Seim. Sjå elles under.

-*Spesifikt om Vassdrag og overflatevatn*:

Granvinvassdraget (052.1Z) er varig verna mot kraftutbygging i 1986 som del av Verneplan for vassdrag III. Verneverdiar og brukarinteressert i vassdraget er vurdert i rapporten *Verneverdier og brukarinteresser i Granvinvassdraget*, november 1999.

Informasjon om utviklinga for fisken i Granvinvassdraget finst m.a. i rapporten *Gytefisketellingar i 18 vassdrag i Hardangerfjordssystemet 2004-2007*, LFI-Unifob 2008, Fiskebestanden i Granvinselva har vore i tilbakegang i mange år.

Direktoratet for naturforvaltning har klassifisert bestandstilstanden i Granvinselva slik:

- laks Trua (lakselus), sjøaure Redusert (lakselus)

I samband med planlegging av ny rv 13 er det utgreidd tiltak for å sikra at fiskestamma og gyteforholda i Storeva med sidevassdrag ikkje vert utsett for skadeleg påverknar. Det pågår eit program for overvaking av vassdraget i regi av Statens vegvesen i samband med anleggsarbeid og deponering av steinmassar (*Plan for fiskebiologisk undersøkelse av Storelva og Kattånebekken, LFI, Ulrich Pulg*).

I planen er tiltak for å unngå forureining og tilslamming av vassdraget skrevet slik i føresegna: Overvatn og sigevatn frå området skal takast hand om. For å redusera miljøpåverknaden for nærliggjande vassdrag skal følgjande tiltak etablerast:

- avskjerande grøfter for oppsamling og bortleing av overvatn rundt massedeponiet
- etablering av sandfangkum og infiltrasjonsanlegg med inspeksjonskum for avrenning frå området som er dekkja av massedeponiet, herunder eit program for overvaking av vasskvaliteten i Storelvi og Skorvo.
- sedimenteringsanlegg dersom infiltrasjonsanlegget ikkje har tilfredsstillande renssevne
- det skal monterast ein inspeksjonskum også ved utløp frå eventuelt sedimenteringsbasseng. Dette er og vist på ein skisse som ligg ved plandokumenta.

## **VURDERING:**

### Erling og Wenche Lekven, naboar, 20.03.11

Nervøse for plager frå støy og støv. Minner om tidsbegrensing på arbeid. Ønsker at utforminga av deponiet tar omsyn til utsikta.

#### *Administrasjonen sin kommentar:*

Det er innarbeida tiltak med tanke på å begrensa støy, støv og arbeidstid. Utforming er visualisert framlegget. Driftsplanen vil og innehalde ein del av dette.

### Einar Spildo, nabo, 26.04.11

Opplyser om at fallrettseigarane til elva Skorvo har søkt NVE om kraftproduksjon. Dette kjem ikkje i konflikt med planområde og føremål, men tilkomstvegen til elva må sikrast for framtida.

#### *Administrasjonen sin kommentar:*

I føresegna ”3.3.1 Landbruksområde/Vegetasjonsskjerm (5900)” går det fram at ”Området på utsida av massedeponiet skal haldast rydding og framstå som grønt landskap. Det kan framførast traktorveg langs Skorvo med trase som vist på plankartet (eksisterande vegrett).”

### Hordaland fylkeskommune, 29.04.11

Viser til synfaring i området 31.03.11. Varslar arkeologisk registrering i området for å avklara om det finst ikkje registrerte kulturminnar i området. Kostnadsoverslag lagt ved.

#### *Administrasjonen sin kommentar:*

I brev av 22.11.11 skriv HFK at det vart gjennomført arkeologisk registrering og at det ikkje var gjort funn av aut.freda eller verneverdige kulturminne på staden. Med bakgrunn i dette har HFK ingen merknader til framlegget.

### Direktoratet for mineralforvaltning, 19.05.11

Visar til merknad frå oppstart i brev av 03.03.2010. Her stod det m.a.:

Området er ein del av førekomsten som Norges geologiske undersøkelse (NGU) har kalla 1234.007- Seim. Med omsyn til driftsplan og oppfølging av drifta, så vil dette verta teke vare på av Direktoratet for mineralforvaltning gjennom minerallova. Det er soleis ikkje naudsynt å ta inn krav om driftsplan i reguleringsføresegnene. Masseuttaket kjem inn under konsesjonspliktige uttak.

#### *Planleggjar s kommentar:*

Det er ikkje bede om at det vart teke spesielle omsyn til atliggjande grusressurs i området. Det skal utarbeidast driftsplan og Direktoratet vil vera fagstyresmakt for tilsyn med

drifta.

*Administrasjonen si kommentar:*

Me ønskjer å bli orientert om utforming av driftsplan og vil følgje opp føresegna frå planframlegget med tanke på sikkerheit, naturmangfold og miljø mm.

#### Granvin Fiskarlag, 23.05.11

Laget er uroa over situasjonen i Granvinvassdraget for laks og aure. Minner om at vassdraget rundt planområdet og eit av dei mest produktive strekka og at forsvarleg handtering av overflatevatn difor er naudsynt. Er skeptiske til skissert løysing i framlegg.

*Administrasjonen sin kommentar:*

Som omtalt i planframlegget (omtale og føresegner) er det tenkt løysingar for handtering av overflatevatn/avrenning. Det skal etablerast eit miljøprogram som leggjast til eksisterande kunnskap/målingar om vassdraget. I tillegg vil utsleppsløyve og driftsplan vera sentrale verkøy til siking av vassdraget. Om tiltaka gjennomførast og følgjast opp meiner me planframlegget tar omsyn til vassdraget.

#### NVE, 26.05.11

Ingen merknader til framlegget.

#### Fylkesmannen i Hordaland, 09.06.11

Motsegn til framlegget i tre punkt:

(1) krav om tidsavgrensing for drift av massedeponi

(2) krav om større buffersone mot elv

(3) Akseptkriteria i ROS-analysen må vera i samsvar med krav i TEK10

FMHO er og skeptiske til framlegget ikkje inkluderar ein Konsekvensutgreiing (KU). Dette vart og påpeikt i FM si merknad til oppstartsmeldinga.

*Administrasjonen sin kommentar:*

Sjå eige avsnitt om KU under. Motsegna vart imøtekome av planleggjar i rev.utkast 12.03.12 og motsegna vart trekt.

#### Statens Vegvesen, 21.06.11

Opptekne av adkomst frå (gamle) Rv13. Meiner ikkje siktelinjer mm. tilfredsstillar krava, særleg med tanke på trafikk mot Voss. Oppmodar tiltakshavar om å prosjektera avkjørsel lengst nord i planområdet

*Administrasjonen sin kommentar:*

Frå føresegna: ”2.3.1 Før igangsetjing av massedeponi skal avkøyrsla leggjast om. Utforming og siktilhøve skal tilfredsstillast Statens vegvesen sine krav.” Med dette tenkjer me SVV sitt krav er oppfylt.

#### Motsegn og spørsmål om KU

Med bakgrunn i merknad og motsegn frå FMHO har det vore ein diskusjon om plan skulle innehalde ein KU. Fylkesmannen råda heradet til at krevje dette. Som motargument har planleggjar framført at: ”*Dei tema som normalt ville gå inn i ei konsekvensutgreiing er etter forslagsstillar si vurderingvurdert og omtalt i naudsynt grad i planmaterialet. Moglege uheldige eller skadelegeverknader er kjende og oversiktlege. Det planlagde tiltaket, massedeponiet og aktiviteten i det, vil ikkje medføra vesentlege ulemper slik det er planlagt bygt og drifta, og slik krava til drifter sett i føresegner og ved seinare løyve etter særlover.*” Administrasjonen vurderar at plandokumenta her ein kvalitet som er god i høve til det som kan forventast. I tillegg har andre omsyn betydning. At heradet her får lokalisert



massehandtering innafor eit oversiktleg areal, med god moglegheit for oppfølging er viktig. Me vurderar difor at KU ikkje skal krevjast at være ein del av planframlegget.

### Sentrale omsyn

*-Naturmangfold og miljø:* Nml §8 er omtalt tidligare. I vurderinga er det difor vidare aktuelt å sjå på §§ 9-12. Me meiner at kunnskapen som her vert lag til grunn er tilstrekkeleg til å vurdere forholda, slik at §9 ikkje direkte for innverknad. Likevel er td. miljøprogrammet med målingar eit tiltak der usikkerheit om påverknad på vassdraget følgjast opp og vurderast over tid. Med tanke på § 10 er økosystemtankegangen aktuelt. Planframlegget vil heilt openbart kunne medføra store inngrep i både landskap og økosystem. Planleggjar skriv at ”*Moglege uheldige eller skadelegeverknader er kjende og oversiktlege.*” Det er alltid eit spørsmål om kor mykje kunnskap ein treng for å sjå den samla belastning. Naturtypar som Granvinelva, Skorvo og lia ovanfor Seim er ikkje innafor planområdet og aktiviteten her grip ikkje direkte inn i økosystem/biotoper her. Utslepp til Granvinselva utgjer største risiko. Her meiner me at dei faremoment som finst er kjente og at god oppfølging, målingar mm. vil være den beste sikring. Tiltakshavar bærer kostnaden for dette, slik det står i føresegna, i samsvar med Nml §11.

*-Tunellprosjekt i området:* Det er ein godkjent reg.plan for tunnell gjennom Joberget (Øvre Granvin – Holven). Her er masseoverskot etstimert til 200.000 m<sup>3</sup>. Elles er rassikringtunellar i hvv Torgilsberget og Haukanesberget undervegs innafor nærmaste framtid. Om nokon av desse prosjekt skal nytta massedeponiet på Spildo er framleis usikker, men erfaringsmessig kan dette forandre seg. Planomtalen for Øvre Granvin – Holven sier td. at massane skal brukast i prosjekt på Voss, men om prosjektet vert utsett pga. manglande finansiering er det då bruk for desse massar? Likeeins er status for tunellmassar usikker for Fv Haukanesberget.

*- Alternativvurdering:* Som det går fram av Nml §12 er vurdering av alternative plasseringar og teknikkar eit sentral grep for å sikre minst mogleg belastning på miljøet. Her har dette vore vurdert andre plasseringar av deponiet, da staden har vore nytta til uttak lenge. Argumentet var difor at skadeverknadane ved denne lokalisering ville bli mindre enn om ein vurderte ein ny plassering. Arealkrevjande formål som dette er vanskeleg å finna plass til i Granvin. Ein stor føremon ved plasseringa er at ein nyttar gamle Rv13 som er dimensjonert til tunge køyretøy og ein ikkje treng nokon stor ny veg. Difor meiner me at plasseringa er ein av dei beste til føremålet i Granvin per i dag.

### Konklusjon

Det er heva over tvil at 200 000 m<sup>3</sup> stein vil være eit stort inngrep i naturen, sjølv om Nedre Spildo ”ikkje såg ut” etter mange år som masseuttak. Administrasjonen er nøgd med dei mange ulike tiltak for å sikre skadeverknader av deponiet som går fram av framlegget. Utfordringa er å få oversikt, halde kontinuiteten og følgje opp slik at tiltaka fungerer i praksis. Likevel meiner me at når ein no gjennomfører eit så grundig planarbeid vil moglegheita for nettopp oppfølging være mykje betre enn om ein hadde 10 små anlegg. Dette gjeld både med omsyn til natur og samfunn. Med så mange anleggsprosjekt i området er eit stort samfunnsnyttig potensial i å kunne ta vare på overskotsmassar til framtidig bruk. Me rår difor FS og HS til å vedta Detaljreguleringsplan massedeponi Nedre Spildo, slik den ligg føre.